

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å seie frå om du har merknader eller ikkje. Den som er ansvarleg for byggjeprosjektet sender merknadene dine til kommunen saman med byggjesøknaden.

Her er det planar om å byggje, rive eller endre

Adresse: Lurevegen 1482, 5912 SEIM, 5912 Seim

Kommune: Alver

| Gardsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 81 | 0 | 0 |

Nabovarselet er motteke av

Eigar/festar av naboeigedom: OLAV BJØRN LYGRE

Adresse:

| Gardsnr.: | Bruksnr.: | Festenr.: | Seksjonsnr.: |
|-----------|-----------|-----------|--------------|
| 58 | 14 | 0 | 0 |

Svar på nabovarselet (fyllest ut av nabo/gjenbuar):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikkje.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan berre sendast inn éin gong.

- Eg har ingen merknader
- Eg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Desse merknadane er skreve på vegne av Lygra kailag (som eg er styreleiar i) som representerer eigarar av 58/14 - kaien, og styret i laget har direkte fullmakt frå 11 av eigarane av 58/14.

Me har følgande merknader til tiltaket:

1) Eksisterande avløp

Tegninger viser "Eksisterende avløp" som går ut under kai. Dette eksisterer ikkje, dette var eit gammalt avløp for vatn, og det går kun litt ut i steinfyllinga under kaien, noko tiltakshaver er godt klar over da

han har staka ut så langt han kom. Tiltakshaver er også bedt tildelegere av kommunen (ref. sak nummer 20/6081 - 21 /241 79 - https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021024180) å dokumentere at rør til dette avløpet går ut i sjø; noko han naturligvis ikkje har gjort. At tiltakshaver viser slike grove feil i tegningsgrunnlaget for å lure naboer og kommunen er grunn nok til at heile søknaden må avvisast. Om dette avløpet skal brukast og forlengast ut i sjø må det avtalast med eigarar av kaien. Kailaget er ikkje kontakta om denne saka, og ikkje noko løyve er gitt.

2) Manglande informasjon om dispensasjon

Nabovarsel viser ikkje at det skal søkjast dispensasjon. Dette er påkrevd skal følgja med saman med begrunnelse for dispensasjon. Dette tiltaket krever jo fleire dispensasjoner. Ref. SAK10 § 5-2

3) Grenser

Det krav til 4 m frå tiltaket til grense (tbl. § 29-4), kan ikkje sjå at denne er oppfylt., og kailaget er heller ikkje kontakta for å gje tillatelse til å bygge nærmere.

Grensene er heller ikkje gått opp så grenser må uansett fastsetjast før løyve vert gitt. Departementet har godkjent at kommunen kan godkjenna nedgrave tank inntil 1 m frå grense, men ikkje tank som står på bakken (referanse 13/1178-2)

4) Mangler ved tegningsgrunnlag

Situasjonskart er ikkje målsatt med avstander til grenser etc., noko som det er krav til, og gjer det umulig å danne seg et korrekt bilde av tiltaket. Tegninger av fasader etc. må vedlegges (da dette ikkje er ein tank som skal graves ned) slik at me får et inntrykk av det visuelle.

5) Luktplager

Slike anlegg har periodevis luktplager og kan ikkje sjå at dette er nevnt i søknaden og vil be ansvarleg søker finne løysing for dette. Dette er ein kai med allmenn tilgang og me kan ikkje ha luktplager der. Einaste løysing me ser er å flytta anlegget inn i meieriet. Anbefalinga er 10 m frå hus grunna luktplaproblem og søl etc. ved service, og da kan det ikkje leggjast 1 m frå ein kai med allmenn tilgang.

6) Reguleringsplan

Det står i nabovarsel at det eksisterer reguleringsplan for området. Det er feil.

7) Generelt om mangler og feil med søknad/nabovarsel

Dette er andre forsøk fra tiltakshaver på å få godkjent avløp på feile premisser og feile opplysninger, samt i tillegg at ei profesjonell bedrift sender eit nabovarsel med så mykje feil er skremmande, og som ansvarlig søker har Hjelmås VVS ansvar for at informasjonen til naboer og kommune er korrekt. På generelt grunnlag er søknaden av så dårlig kvalitet (feil, dårlig og manglende informasjon) at det ikkje mulig å ta stilling til den på skikkelig vis, og me vil avvise søknaden.

8) Partsinteresse

Me vil også at Lygra Kailag ved undertegnede skal føres opp som part i denne saka sidan me kan bli påført ulemper av tiltaket.

Om du ønskjer å bli kontakta av den som har sendt inn nabovarselet, kan du leggje inn e-postadresse og/eller telefonnummer nedanfor. Dette er frivillig.

E-postadresse:

Telefonnummer:

SIGNERT AV

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

10.05.2022 18:18:21 AR488879079